



Reknes Byggjevarer LL
Selvåg
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4184 - 17/20035

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2017

Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 55/38 Bruvoll

Administrativt vedtak. Saknr: 311/17

Tiltakshavar: Inger Anne og Tommy Andersen
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer LL
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 30.03.2017 og vårt skriv datert 19.04.2017 som gjeld trong for tilleggsdokumentasjon i saka. Vi har ikkje mottatt etterspurd dokumentasjon innan fristen.

Det vart gitt løyve til oppføring av bustad med tilhøyrande tekniske anlegg i vedtak datert 22.02.2016. I løyvet er det godkjend at eigedomen skal knytast til kommunalt vassverk via privat stikkleidning som er godkjend etablert fram til eigedomen gbnr 55/27 i vedtak datert 13.05.2015, jf arkivsak 15/758. Denne private stikkleidningen er ikkje ferdigstilt med ferdigattest etter reglane i plan- og bygningslova. Vilkårer i byggjeløyvet for gbnr 55/38 om at den private stikkleidningen skal vera ferdigstilt med ferdigattest før det vert gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket på gbnr 55/38 er såleis ikkje stetta.

Det kan ikkje gjevast ferdigattest når vilkåra i løyvet ikkje er oppfylt. Det kan ikkje søkjast om dispensasjon for vilkåra. Søknaden vert avslått.

Vi vil gjera merksam på at vi har vore i munnleg kontakt med Lindås VVs NT AS om dette forholdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det ikkje gitt ferdigattest for tiltak på gbnr 55/38. Søknaden vert avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4184

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Anne og Tommy Andersen Hetlhovda 14A 5956 HUNDEVIN

Mottakarar:

Reknes Byggjeverer LL Selvåg 5986 HOSTELAND